



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Eldrerådet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 26.09.2016
Tid: 11:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 13/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 14/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 16/16	Orienteringssak
OS 17/16	Eldredagen
OS 18/16	Invitasjon til fylkeseldrekonferansen 2016 - Forstå framtida - sjå moglegheiter og utfordringar - finne framtidsløysingane
OS 19/16	Orientering/seminar om utfordringar i eldreomsorga, 27.10.2016
OS 20/16	Invitasjon til orienteringsmøte - tvungen helsehjelp etter pasient- og brukarrettigheitslova kap. 4A

SAKER TIL HANDSAMING

PS 13/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 14/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 16/16 Orienteringssak

OS 17/16 Eldredagen

FYLKESELDREKONFERANSEN 2016
***Forstå framtida – sjå moglegheiter og utfordringar-
finne framtidsløysingane***

Tirsdag 11. oktober 2016, Quality hotell Alexandra, Molde

KL 10:00 – KL 10:30	REGISTRERING
KL 10:30 – KL 10:45	VELKOMMEN V/FYLKESORDFØRAR JON AASEN
KL 10:45 – KL 11:30	DEI ELDRE OG SAMFUNNSREFOMENE V/ASSISTERENDE FYLKESMANN RIGMOR BRØSTE
KL 11:30 – KL 12:30	LUNSJ
KL 12:30 – KL 12:45	KULTURELT INNSLAG
KL 12:45 – KL 13:30	UTENFORSKAP – EINSEMD – INKLUDERING V/GENERALSEKRETÆR I NASJONALFORENINGEN FOR FOLKEHELSEN LISBET RUGTVET
KL 13:30 – KL 13:45	PAUSE
KL 13:45 – KL 14:15	KORTE ORIENTERINGAR OM ULIKE PROSJEKT
KL 14:15 – KL 14:30	PAUSE
KL 14:30 – KL 15:15	«SJEF I EIGE SENIORLIV» V/ KIRSTEN KOHT
KL 15:15 – KL 15:30	OPPSUMMERING AV DAGEN

Takk for at du deltok og vel heim!

**ORIENTERINGSMØTE/SEMINAR OM UTFORDRINGAR I ELDTREOMSORGA
HERØY FRIKYRKJE TORS DAG 27.10.2016 KL. 15.00 – 18.00**

Herøy eldreråd og pensjonistlaga i Herøy kommune inviterer med dette eldreråda, pensjonistlaga og kommunale etatar/politikarar i kommunane på Søre Sunnmøre til orienteringsmøte/seminar om utfordringar som vi står framføre i eldreomsorga.

Kommunane må ta til å erkjenne utviklinga som er på gang med at vi vil verte 50% fleire eldre dei neste 10-15 åra og med det tenkje framtidshov for det sterkt veksande tal på eldre. Gjennom folkehelseiltak og forebyggjande arbeid skal eldre få meir hjelp og oppfølging i egen bustad etter behov. Utvikling av velferdsteknologi er difor høgt prioritert.

Kvardagsrehabilitering må kome i organiserte former. Alle eldre vil ha stor nytte av forebyggjande folkehelseiltak – også dei i omsorgsbustader og sjukeheimar.

I denne samanheng er det viktig at kommunane kjem i dialog med frivillige lag og organisasjonar som er villige til å engasjere seg i dette arbeidet og ta desse med i si planlegging.

Til å sette fokus på desse utfordringane har vi fått etternemnde foredragshaldarar:

Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal Runar Finvåg

- Utvikling i eldreomsorga sett med «ombodsaug»
- Samhandlingreforma
- Pasienten i sentrum. Korleis kan ein påverke til endring og utvikling

Prosjektleiar Tone Bye i Pensjonistforbundet

- Morgendagens aktivitetssenter
- Velferdsteknologi

Fysioterapeut Roger Kvalsvik

- Kvardagsrehabilitering

Matykt

På grunn av matsservering ber vi om påmelding innan 24.10. til konst. pleie- og omsorgsleiar Renathe Rossi-Kaldhol rrk@heroy.kommune.no

Med vennleg helsing

HERØY ELDTREÅD OG PENSJONSITLAGA I HERØY

Fra: Renathe Rossi-Kaldhol
Sendt: 30. august 2016 12:34
Til: 'postmottak@volda.kommune.no'
Emne: ORIENTERINGSMØTE/SEMINAR OM UTFORDRINGAR I ELDREOMSORGA

ORIENTERINGSMØTE/SEMINAR OM UTFORDRINGAR I ELDREOMSORGA

HERØY FRIKYRKJE TORSDAG 27.10.2016 KL. 15.00 – 18.00

Herøy eldreråd og pensjonistlaga i Herøy kommune inviterer med dette eldreråda, pensjonistlaga og kommunale etatar/politikarar i kommunane på Søre Sunnmøre til orienteringsmøte/seminar om utfordringar som vi står framføre i eldreomsorga.

Herøy eldreråd håper postmottaka i den einskilte kommune, kan distribuere spesielt til helse- og omsorgskomiteene og råda.

På grunn av matsservering ber vi om påmelding **innan 24.10.** til konst. pleie- og omsorgsleiar Renathe Rossi-Kaldhol rrk@heroy.kommune.no

Vel møtt ☺

Helsing

Renathe Rossi-Kaldhol

Leiar

Bu- og habiliteringsavdelinga / Pleie- og omsorgsavdelinga

Tlf. 70081300 Dir. 70081491 Mob. 94881303



www.heroy.kommune.no



Eldrerådet
Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/2445	År
Leg.nr.	Sns. Sonhav
06 SEPT 2016	
Arkivnr.	
Klassering P	
Klassering S	

U.off. jf. offl. § 13, jf.
fvl. § 13

Invitasjon til orienteringsmøte - Tvungen helsehjelp etter pasient- og brukarrettigheitslova kapittel 4A

Fylkesmannen fører tilsyn med helse- og omsorgstenesta i fylket. Fylkesmannen og Statens helsetilsyn sine oppgåver er gitt i lov av 30. mars 1984 om statlig tilsyn med helse- og omsorgtjenesten. Formålet med tilsynsmyndigheita si behandling er å bidra til auka kvalitet i helse- og omsorgstenesta og sikre pasientane sin rettstryggleik.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal i 2016 gjennomføre tilsyn med tvungen helsehjelp etter pasient- og brukarrettigheitslova kapittel 4A for pasientar i sjukeheim. Det vil bli gjennomført tilsyn i Volda kommune 25. og 26. oktober 2016.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ønsker å styrke involvering av pasientar, brukarar og pårørande i tilsynsverksemd. I forkant av tilsynet ønsker vi derfor å invitere pasientar og pårørande til bebuarar ved kommunens sjukeheim til eit møte for å få orientering om tilsynet og regelverk knytt til somatisk helsehjelp med tvang. Det vert satt av tid i møtet, eller etter møtet til å ta imot innspel/informasjon frå pårørande/pasient. Møtet blir gjennomført saman med Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal.

Tidspunkt: 21. september 2016 frå 18:00 – 21:00

Stad: Volda omsorgssenter, kafeen/biblioteket i 1. etg.

Påmeldingsfrist: 14. september 2016

Program

Kl. 18:00 – 19:00: Orientering frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kl. 19:00 – 19:30: Pause med enkel servering

Kl. 19:30 – 20:15: Orientering frå Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal

Kl. 20:15 – 20:30: Oppsummering

Kl. 20:30 – 21:00: Innspel/spørsmål

Påmelding til Volda kommune, ved Lise Ekros, på e-post:

Lise.Charlotte.Ekros@volda.kommune.no eller på telefon 70 05 40 12.

Dersom dykk ikkje kan møte, kan innspel gis til underteikna på telefon 70 25 84 57 eller på e-post: thomas.sorflaten@fylkesmannen.no

Med helsing

Marit Vestad (e.f.)
fagkoordinator/jurist

Thomas Sørflaten
rådgivar/jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Pasient- og brukerombudet i Møre og Romsdal Astrupsg. 9 6509 KRISTIANSUND N